

AUSTEVOLL KOMMUNE
Birkelandsvegen 2
5392 STOREBØDato: 18.09.2018
Vår ref.: 2018/10639-11
Saksbehandlar: runalan
Dykkar ref.: 15/56-2018006512/15309

Fylkeskommunalt investeringstilskot 2018 Austevollbadet i Austevoll kommune

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 12.september 2018, å ikkje løyva midlar frå fylkeskommunalt investeringstilskot til Austevollbadet, Austevoll kommune.

Avslagsgrunn

Andre søkjarar har betre uttale frå krins/forbund i høve til å kunne bli vertskap for nasjonale idrettsarrangement. Anlegget vil ha ein regional verdi, men primært vil den ha ein kommunal funksjon slik det går fram av Norges svømmeforbund sin uttale.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan frist på tre - 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka Klage – 2018/10639-11. Klage må innehalde opplysingar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Rune Åland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.